

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Torsdag 9.mars 2022 Kl. <u>19.00 – 21.00</u>
Møtestad:	Kyrkjekontoret
Opning:	Egil

Til stades: Anders Dahl, Nils Dale Elde, Kirsti Angvik Frugård, Jørgen Knudsen, Egil Petterteig, Dag Sele, Sigrid Beate Eskeland, Signe Vorland, Dag Kjetil Lægreid (1. vara) Noah Wibe (kyrkjemusikar) og Runar Larsen (nytilsatt spesialprest med fokus på ungdom og studentar, for tida i praksis i kyrkjene på Stord)
Forfall: Ingeborg I. H. Ørjasæter og Reidun Andersen (sakshandsamar)

SAKLISTE

2023/19- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent, med tillegg av følgende saker:
Sak 2023/29 – Nettverk for unge vaksne i Stordkyrkjene
Samrøystes.

2023/20- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent
Samrøystes

2023/12- 362 Misjonsprosjekt (*Utsett frå sist møte*)

Kor står me når det gjeld vurdering av evt. forlenging av misjonsprosjekt eller skifte til nytt misjonsprosjekt? Status frå diakoniutvalet v/Signe og diskusjon om korleis vi tek dette vidare. Ny info til møtet 9.mars: Ein delegasjon frå venskapskyrkja på Cuba kjem til Stord 12.april og soknerådet kan få informasjon om arbeidet der og moglegheiten til å støtte arbeidet på Cuba som misjonsprosjekt.

Vedtak: Soknerådet ønskjer å avventa meir informasjon om arbeidet på Cuba, før ein tek stilling til vidare misjonsprosjekt. Saka kjem opp på nytt i neste soknerådsmøte.
Samrøystes.

2023/15- 360 Kyrkjelydsleir 2023 (*Utsett frå sist møte*)

Leirstad er booka 1-3.september 2023. Har me ein komite? Kva involvering ønskjer vi frå tilsette ressursar?

Vedtak: Kirsti spør komiteen frå sist om å vera med i ny komite. Jørgen deltek på leiren og spør kyrkjevevjer om ytterlegare stabsressurs. Erfaringane var svært gode med at Brynhild M. Stautland deltok sist.
Samrøystes.

2023/21- 046 Soknemøte 2023 (*Oppfølging av Sak 2023/14*)

Soknerådet skal vedta dato og form på soknemøtet, jfr saksomtale i Sak 2023/14.

Vedtak: Soknerådet inviterer til soknemøte onsdag 19.april. Soknemøtet vert arrangert i Kyrkjestova Fredheim frå kl 19.30. Programmet vert lagt opp som ein informasjonskveld der ein kan verte betre kjend med Jørgen som ny sokneprest (sofaprat) og høyre om kva som skjer i soknet. Det er ønskeleg at det ikkje profilerast som årsmøte, men at det kjem tilstrekkeleg fram at møtet også fungerer som årsmøte for soknet. Enkel bevertning (kringle?)
Samrøystes.

2023/22- 046 Årsrapport for 2022

Soknerådet utarbeider innan 1.mars kvart år, ein årsrapport over rådets aktivitet i siste

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

kalenderår. Rapporten leggst fram for årsmøtet/soknemøtet og oversendes kyrkjeleg fellesråd, prosten, bispedømmerådet og andre som soknerådet bestemmer.

Vedtak: Soknerådet godkjenner årsrapporten for 2022 som framlagd. Samrøystes.

2023/23- 310 Gudstenestelivet i soknet

Soknerådet har invitert gudstenesteutvalet (inkl. sokneprest og kyrkjemusikar) til møtet. Me ønskjer å høyre om arbeidet som gjerast inn mot gudstenestene i Stord sokn, og kva utvalet og tilsette ser av moglegheiter og utfordringar framover. Det er ei målsetting at deltakinga i rådsmøtet kan vere ein arena for å inspirera kvarandre og løfte fram arbeidet med gudstenestene og kyrkjemusikk knytt til gudstenestene. Soknerådet ønskjer gjerne innspel på kva me kan gjere for å spela arbeidet med gudstenestene godt.

Moment frå samtalen:

- Arbeidet med musikken i gudstenestene er ein mulighet, aktualisert av skiftet i kyrkjemusikkstillinga.
- Ei utfordring er å rekruttera fleire frivillige og å organisera arbeidet med frivillige.
- Ein kan nytta prosjektorane i kyrkja til informasjonsarbeid og for rekruttering av frivillige.
- Ei anna utfordring er synkande deltakartal, som ikkje har teke seg opp etter pandemien.
- Nytilsett kyrkjemusikar og sokneprest har eit begrensa kontaktnett for rekruttering av frivillige medhjelparar.
- Det har kome ønskje om meir kjente salmer og nyare musikk. Meir rytmisk musikk?
- Ønske om bruk av band. Dette arbeidet er i gang.
- Alt i alt er det signal om ønskje om breiare uttrykk i gudstenestene.
- Ungdomsgudstener. Dette arbeidet er starta opp.
- Kor i gudstenestene? Dette er det plan om.
- Salmekvelder, også for å læra nye salmer? Evt. også øva på ny salme før gudsteneste?

Vedtak: Soknerådet og gudstenesteutvalet tek med seg signala i samtalen i det vidare arbeidet.

2023/24- 414 Kjøp av basshøgtalar

Kyrkjemusikar Noah Wibe har søkt Stord sokneråd om kr 10 000,- for å kjøpe ein brukt basshøgtalar og ein tilhøyrande forsterkar. Sjå vedlagde mail for detaljar.

Vedtak: Stord sokneråd innvilgar søknaden, i tråd med føringane i budsjett for 2023. Samrøystes.

2023/25- 354 Konsertførespurnad: Sumarkveld i Stord Kyrkje

Rune Alver har tatt kontakt med Stord sokn for å høyre om me er interessert i å vere arrangør for ein klassisk konsert med pianist Rune Alver og cellisten Astri Hoffmann-Tollås i perioden 6-18.juni. Arrangørrolla omfattar annonsering og praktisk gjennomføring. Dei skriv og at det ville «være ein fordel om de kunne stilla ein "buffer", ein slags underskuddsgaranti».

Vedtak: Soknerådet er positive til ein slik konsert i kyrkja, men ser seg ikkje i stand til å stå som arrangør eller å ta økonomisk ansvar for konserten. Samrøystes.

2023/26- 308 Vidare arbeid med SPIRA

Redaksjonen i SPIRA la arbeidet på is etter 2.nummer i 2022 som følgje av personellmangel og dårleg økonomi. Ønskjer me å få til eit med valnummer hausten 2023 i forbindelse med kyrkjevalet, og der ein bruker noko av dei tildelte midlane ifm valet til å dekkje kostnader?

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Vedtak: Soknerådet ønskjer at blir gitt ut eit valnummer av Spira, dersom det er mogeleg å få folk nok til å bidra og dersom Nysæter sokneråd også ønskjer å vera med.

2023/27- 008 Høyring: Ny plan for kyrkjeleg undervisning

Kyrkjerådet har utarbeida ny overordna del til plan for kyrkjeleg undervisning og læring. Denne vart handsama på møte 9.-10.februar og no sendt på høyring til utvalde instansar. Utdrag frå høyringsnotat: *«Det er i ny plan lagt til grunn en bred målgruppe og at overordnet del skal gjelde for alle aldersgrupper. I tillegg skal det være fokus på helhet og sammenheng i Den norske kirkes undervisningsfelt, blant annet når det gjelder forholdet mellom breddetiltak og det kontinuerlige arbeidet. Dette gjør at forslaget til overordnet del har bredere fokus enn kun barn og unge i alderen 0 til 18 enn trosopplæringsplanen»*
Frist: 15.mai

Vedtak: Stord sokneråd (v/Jørgen) sjekkar med dei tilsette innanfor trusopplæringa om det er særskilde element i den framlagde planen som det er ønskjeleg at soknerådet gir uttale om. Elles legg ikkje soknerådet opp til å gi noko uttale i saka.
Samrøystes.

2023/28- 008 Høyring: Endringar i personalreglement for Den norske kyrkja

Kyrkjerådet har sendt ut forslag til endringar i personalreglementet på høyring. Endringene innebærer at det prester i fremtiden skal tilsettes i et partssammensatt utvalg i stedet for i bispedømmerrådet. *Kirkerådet foreslår at tilsetting av prester i Den norske kirke skal gjøres i et tilsettingsråd som erstatter bispedømmerrådet som tilsettende myndighet. Tilsettingsrådet skal være partssammensatt og bestå av stiftsdirektør eller en som er oppnevnt av stiftsdirektøren som leder, ett av bispedømmerrådets medlemmer, prost, menighetsrådsrepresentant og arbeidstakerrepresentant.»* Frist 15.april

Vedtak: Stord sokneråd ønskjer ikkje å gi uttale i saka.

2023/29- 360 Nettverk for unge vaksne i Stordkyrkjene

Ei gruppe unge vaksne i Nysæter sokn har teke initiativ til nokre samlingar (og ei facebook-gruppe) som kallar seg Nettverk for unge vaksne i Stordkyrkjene. Tiltaket er forankra i soknerådet i Nysæter, men gruppa ønskjer gjerne at tiltaket vert eit felles tiltak for sokna Nysæter, Stord og Fitjar. Dei ønskjer mellom anna å ha nokre samlingar i kyrkjestova. Dei har etablert eit styre som består av 3 frå Nysæter og 1 frå Stord sokn.
Dei skriv:

«Vi som har starta hadde lyst til at det skulle finnes noe alternativ for å samles og treffe andre unge voksne, for å høre forkynnelse, bli kjent med hverandre og danne nettverk. Både for de som bor på Stord og har gjort det lenge og for de som nylig har flyttet hit og ser etter likesinnede. Vi håper at tilbudet skal dekke litt breitt og kunne passe for både studenter på 25 og småbarnsforeldre og andre «unge» opp mot 50år. Det skal være mer inkluderende enn stengende at det er for unge voksne og det er en følelse ikke en gitt alder. Men sånn som vi har sett så føler man seg ikke lengre som ung voksen når man selv er foreldre til unge voksne.

Vi har lyst til å bygge nettverk og utvide til bibeltimer og møter med mer forkynnelse. I første omgang så har vi begynt med sosiale kvelder med en kort andakt og gjerne noen salmer helt uformelt. Vi har blitt en god gjeng som går fast og flere som er innom når det passer sånn. Erfaringen til nå er at særlig de uetablerte syns det er veldig kjekt å møtes ofte og småbarnsforeldre kommer når de får det til. Av de faste er det flere som egentlig sokner til Stord som går. Vi har også hatt litt leker og spill for å lettere bli kjent med flere. Vi tester litt frem hva som funker, men legger oss foreløpig på 1-2 ganger i måneden.»

Vedtak: Stord sokneråd er glade for tiltaket, støttar at det vert arrangert som felles for sokna og ønskjer gjerne at nokre av samlingane vert arrangert i Kyrkjestova. Soknerådsleiar held kontakt med styret for samlingane.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. Velkommen og bli-kjent med Runar Larsen, nytilsett spesialprest med fokus på ungdom og studentar, med oppstart sommaren 2023. Runar er for tida i praksis på Stord til påske. Runar presenterte seg for soknerådet og vart ønskt velkomen som ny i kyrkjelyden. I tillegg fekk nokså nytilsett kyrkjemusikar Noah Wibe presentert seg for soknerådet.
2. «Kva skjer i kyrkja vår?», orientering v/Jørgen
3. Orientering frå Fellesrådet v/ Dag
 - a. Tilsetjingar og utlysingar
 - b. Kyrkjekontoret flyttar til nye lokale i sommar
4. Innspel frå utvala (Utgått)
5. Siste nytt vedr. Kyrkjevalet 2023
 - a. Nominasjonskomiteen ønskjer innspel på fleire kandidatar under 35 år
 - b. Podkast gjennomført/publisert
6. Ukrainske flyktningar i lokalsamfunnet
 - a. Fleire frå Ukraina søker no til kyrkja
 - b. Viktig og bra at dei blir møtt, trass i språklege utfordringar
 - c. Det må arbeidast vidare med måtar å møte dei på. Soknediakonen er engasjert i dette.
7. Invitasjon til «samråd» med Bjørgvin bispedømeråd og Kyrkjerådet ifm kyrkjeleg organisering, 27.mars og 12.juni kl 18-21. Soknerådsleiar deltek på møta.
8. Aktuelle datoar:
 - a. Fellesmøte med Nysæter sokneråd og stab 12.april 2023 kl 17-21 på Stord Hotell.
Tema: Planarbeid (oppfølging frå Døgnet 2023)
Formøte (for dei som vil) frå kl 16.00 med representanter på besøk frå Cuba.
 - b. Fest i Vest fellesgudsteneste ved Gruo, 25.juni 2023.
 - c. Ordinasjon av Runar Larsen i Sveio, 18.juni 2023

Skriv, referat og meldingar

1. Referat, Stord Kyrkjelege Fellesråd, 9.feb 2023
2. Referat, Kyrkjestova Fredheim, 20.feb 2023

Anders Dahl
soknerådsleiar
sign

Dag Sele
referent
sign